

# Ein farmasøyt utan grenser

Kyniske legemiddelfirma som dumpar medisinar, mangel på kunnskap om bruk av medisinar og tru på mytar og voodoo. Det var situasjonen Quynh Le frå Florø vart møtt med på Haiti.

AV TARJEI LANGELAND

**I LOKALA** til SFE heilt ytst på Trolleskeret ligg Havlandet Forskingslaboratorium, der Quynh Le frå Florø har kontor. Ho er framleis døgnvill og ikkje heilt tilbake i rytme etter turen hennar til Haiti i slutten av februar. Området Le besøkte vart lagt i ruinar i jordskjelvet som ramma Haiti i 2010, og har i dei seinare åra vore ramma av kraftige orkanar.

**I SJU** år har det vore kolera-utbrot og over 700.000 fekk sjukdommen, og det har resultert i at nesten ti tusen menneske har døydd. Likevel såg ho livsglede hos dei ho møtte, og stoltheit over å kunne vise fram heimane dei hadde bygd opp at og dei få tinga dei hadde.

- Når ein er med på denne typen dugnadsarbeid får ein sjå mykje elende. I slummen vassar menneske og dyr rundt i søppel og avføring, og det er kriminalitet og mykje sjukdom. Då er det fasinerande å sjå kor glade borna er. Dei finn glede, uansett. Det inntrykket har eg fått på alle mine reiser, fortel Le.

**PROSJEKT HAITI** er ein norsk organisasjon som vart starta i 2000, og blir leia av Ingvill Ceide. Organisasjonen er finansiert av sponsorar og private donasjonar, og har to skular i Port-au-Prince og St. Louis du Sud. Dei syt for at over 400 born får skulegang.

Farmasøytar Utan Grenser vurderer eit samarbeid med Prosjekt Haiti, og sende ein delegasjon på fire til Port-au-Prince, hovudstaten på Haiti. Deira mål var først og fremst å kartlegge situasjonen, drive opplæring, og vurdere moglegheita for eit langvarig samarbeid.

**BLANT DEI** fire var florøværingen Quynh Le. Ho er tidlegare apotekar på Vitasapotek Florø på SMS-senteret, og har vore medlem i Farmasøytar Utan Grenser sidan ho fullførte studiane. Le sin første reise var i 2008 til India i forbindelse med eit anna prosjekt. Då jobba dei med å luke ut dårlege og falske legemiddel. Prosjektet vart større over tid og dei fekk midlar til å bygge eit sentralapotek på eit sjukehus i Calcutta.

Prosjekt held fram den dag i dag, men Le si involvering enda når ho slutta som apotekar. Sidan 2014 har ho vore dagleg leiari på Havlandet Forskingslaboratorium, der dei blant anna analyserer vekst- og medisinfør for oppdrettsnæringa.

- **DEN** erfaringa eg fekk i India var god å ha med seg til Haiti. Mykje ligg framleis i ruinar, og i slummen er det mykje elende og uhygieniske forhold. For mange kan det nok bli eit sjokk, om man ikkje er førebudd på det. Men det mest ubehageleg var nok den innskrenka fridommen. Eg kunne ikkje gå fritt omkring, og vi hadde alltid med oss ein som passa på oss, og han var væpna, seier ho.

Å få tak i medisin er eit stort problem i u-land. Det er vanskeleg tilkomst, og av og til

umogleg å få tak i riktig medisin. Økonomien kan sette ein stoppar, og dei statlege sjukehusa og apoteka blir ikkje prioritert. I tillegg er det dårleg lønna og dei får ikkje tak i farmasøytar. Distribusjonen er ikkje trygg, og medisinar kjem ikkje frå sikre kjelder. Difor har Farmasøytar Utan Grenser starta eit samarbeid med Prosjekt Haiti.

**SJUKDOMMAR SOM** malaria, kolera, og vanlege infeksjonssjukdommar er eit stort problem på Haiti. Vondt verre blir det når det også er mykje dårleg oppbevaring og feilbruk av medisinar. Le hadde med seg farmasøyt Anne-Marthe Due Ose og medisinstudentane Asma Shouket og Tran Nguyen. På turen underviste dei såkalla «helseagentar». Dette er ein blanding av folk med ulik bakgrunn, samla saman av Prosjekt Haiti, og som er i posisjon til å hjelpe og lære opp andre. Det kan vere den eldste i landsbyen, sjølvlærte personar, legar, og så vidare.

**«Eg håpar det arbeidet vi gjer vil forplante seg. At vi set opp eit fundament for vidare læring»**

Undervisning fekk også kvinnegruppa Manman Troll og ungdom- og barnegruppa Etap Jenes, sat saman av Prosjekt Haiti. Dette er kvinner og born frå slummen i Port-au-Prince og St. Louis de Sud, som har fått opplæring i å lese og skrive.

- **DETTE** var første utreise, og første mål var å kartlegge, og forstå korleis ting fungerer der. Om det er mogleg å fortsette så må vi planlegge framover. Kven kan vi hjelpe og lære opp? Det har vore utfordrande å undervise. Vi må tilpasse nivå, og undervise med tolk, informerer Le.

- Alt i alt gjekk det bra, men det var vanskelege å førebu undervisninga, poengterer ho, og refererer til varierende basiskunnskap og misforståing.

- Infeksjonar er eit stort problem. Mykje på grunn av vasskvalitet. Dei brukar det same vatnet til alt. I ein time forklarte vi om medisinsbruk, men når vi spurte om dei hadde brukt antibiotika svara alle nei. Det var rart. Men det viste seg etter kvart at dei hadde brukt det, men svara nei fordi dei ikkje visste kva antibiotika var for noko.

- Det er ein problematikk som har global

konsekvens. Bakteriar blir resistente, og det har mykje med feilbruk å gjere. Folk har ikkje nok kunnskap og brukar for eksempel ikkje heile kuren. Straks dei følar seg betre, sluttar dei, for å spare pengar.

**LE FORTEL** at i Haiti går det seljarar rundt og sel medisinar på gata, såkalla «Street Pharmacy». Men først og fremst brukar dei plante-medisin. Truen på voodoo er utbreidd, og dei drikk te for å lindre det meste. Det er først når dei ikkje ser betring, at dei tyr til medisinar. Då kjøper dei gjerne på gata, fordi det er billigare. Problemet er at det kan vere medisinar som er utgått på dato, er ømfintlege for lys og varme, eller rett og slett er skadelege.

- Det var eit preparat kalla Alpid som gjekk igjen. Lokalbefolkninga fortalde at det har vore mykje reklame for produktet, i ein periode var det over alt. Det verka som om alle brukte det for det meste. Innholdstoffet er anti-flamatorisk og kan samanliknast med Ibux. Problemet er at preparatet blei trekt frå den europeiske marknaden i 2009 på grunn av farlege biverknader. Det kan forårsake alvorlege leverskadar, seier ho, og legg til:

- Når vi fortalde dette var dei skeptiske. Det hjelper jo mot alt, sa dei. Men det er ein trend, og ein trend kan vi ikkje snu på ein dag. Men vi kan i alle fall råde dei til at om dei brukar det, så bør dei ikkje bruke det over lengre tid.

**MANGE ORGANISASJONAR** deler ut prevensjon. Kondom og p-piller. Det er vel og bra. Problemet er at det ofte blir brukt feil, og at dei heller trur på mytar.

- Det var ei som sa ho brukte p-pillar, men så fortalde ho at ho berre tok ein p-pille før samleie og at det var nok. Det gjekk heilt fint, meinte ho.

- Og mange har kanskje høyrte myten om at viss ein har samleie med ei jomfru, så kan det kurere hiv og aids. No fekk vi vite at mange trudde at samleie under vatn var trygt. At man ikkje kunne bli smitta då.

**LE SETT** pris på komforten heime, med varmdusj og straum, og det å komme heim til familien, men det er viktig for ho å vere med på slikt arbeid.

- Det kan ofte kjennast som ei drope i havet. Men eg håpar at eg kan bidra til noko godt. Det er mange måte å støtte på. Å betale for at eit born skal få skulegang, for eksempel. Ikkje alle har moglegheit til å reise. Eg berre håpar at det arbeidet vi gjer vil forplante seg vidare. At vi sett opp eit fundament for vidare langvarig arbeid, og at dei vi lærer opp, tar med seg den kunnskapen vidare.

- Det er aldri nok, det man gjer, men sjølv om det ikkje er nok, kan det kanskje bidra til at andre hjelper. Eg blir stadig kontakta av folk som lurar på korleis det var i India fordi dei tenker å reise sjølv, fortel Le til slutt.